



KOPI

Radøy kommune

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1860 - 17/1472

Saksbehandlar:
Rolf Raknes
rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:
06.02.2017

Delingssak Gbnr 45/1/131 Manger - ny grunneigedom for eksisterande bustad - søknad om deling - vedtak


Delegasjonssak nr.: 023/2017

Saksutgreiing:

Heimelsavar: Søkjar er heimelshavar på egedomen.


Tiltak:

Saka gjeld søknad om deling av festetomt 45/1/131 til uendra bruk.



Planstatus

Eigedomen ligg innanfor kommunedelplan for Manger



Bygget på eigedomen vert nytta som bustad, men arealet er disponert til i hovudsak næringsføremål i gjeldande plan.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon, då det er tale om uendra bruk av eigedomen.

Handsaming etter jordlova

Tiltaket krev ikkje handsaming etter jordlova.

Kulturminne

Det er ikkje registrerte kulturminne på omsøkt eigedom.

Nabovarsling


Tiltaker er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar!

Andre styresmakter

Søknaden om deling ved uendra bruk er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og treng ikkje høyring i høve til regionale styresmakter.

Plassering

Festekontrakten beskiv ei avgrensning av eiedomen som skal etablerast. Teigen ligg rett ovanfor kaien på Manger. På festet er det ein einebustad (matrikkel : Bygningsnr 176121297) . Endring og frikjøp av eiedom vil ikkje endre bruk av grunn.



Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra tilkobling til VA

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Det er ikkje avdekkta tilhøve om auka risiko for naturskade.
I samband med utbygging på tomten skal grunntilhøva undersøkjast.

VURDERING

Frådeling vil her ikkje føra til faktisk endring av bruken. Arealføremål vil difor ikkje hindre matrikulering av eigedom med uendra bruk. Arealføremålet vil derimot ha verknad for framtidige tiltak på eigedomen. Rådmannen meiner difor at deling kan gjerast i samsvar med uendra bruk. Egedomen har god tilgong på VA infrastruktur og har tilkomst til offentleg veg, noko som også gjer det mogeleg med uendra bruk (Einebustad)

Rådmannen vurderer på dette grunnlag at det kan gjevast løyve til deling og matrikulering av ny eigedom slik det er søkt om.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova §§ 8-12.

VEDTAK:

Det vert gjeve løyve til deling og etablering av ny grunneigedom for festekontrakt 45/1/131, slik det er beskrive i søknad av 14.10.2016

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i Plan og bygningslova § 20-1 d m og naturmangfaldslova §§ 8-12, samt matrikkellova § 33.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage på vedtak

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast saksområde om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jfr forvaltningslova § 27b.

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.2	Deling i samsvar med arealformål, men der grensene ikkje er fastsett i godkjent reguleringsplan	1	5600
	Totalt gebyr å betala		5600

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Rolf Raknes.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Radøy kommune

Mottakarar:

Mottakarar:
Opplysningsvesenets fond